



Unni Karin Mjøs Haugland  
ØVRE MJØS 9  
5939 Sletta

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/6278 - 22/12313

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
11.02.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 416/15 Mjøs

Tiltak: brygge  
Byggjestad: Gbnr: 416/15  
Tiltakshavar: Magne Haugland  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.01.2022.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Omsøkt naust ligg i LNF-område. Etersom oppføring av naust ikkje er i samsvar med arealføremålet, må det søkjast om dispensasjon frå LNF-føremålet.

Naustet er og plassert innanfor 100-metersbeltet, jf. pbl § 1-8, og det må difor også søkjast om dispensasjon frå forbudet mot bygging i 100-metersbeltet.

For omsøkt brygge må det og søkjast om dispensasjon frå arealføremål i sjø; bruk og vern av sjø og vassrag med tilhøyrande strandsone, jf. KDP føresegn 3.5.1.

Dispensasjonar må begrunnast og nabovarslast.

2. Det er i søknad motteke 18.01.2022 vist til tidlegare gitt løyve i Radøy kommune frå 2005, saksnr. 152/05. Det ble da gitt løyve til riving av eksisterande naust, oppføring av nytt, samt rehabilitering og utviding av grunnmur og rehabilitering av mur langs kai. Kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om og gitt løyve til planering og fylling av massar av område.

Ortofoto 2006:



Ortofoto 2011:



Kommunen ber om at det blir lagt fram løyve for planering og fylling av massar. Eventuelt ber vi om at det blir søkt om det i denne saka.

3. Tiltaka på situasjonskartet må vere målsett. Storleik på brygga må oppigs.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Unni Karin Mjøs Haugland

ØVRE MJØS 9

5939

Sletta